

Utval: **Kontrollutvalet**
Møtestad: Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
Dato: 17.02.2014
Tidspunkt: 10:00 – 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Torill Vebenstad	Leiar	A
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Lars Erik Dalland	Nestleiar	H
Elisabeth Næverlid Sævik	Medlem	KRF

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Randi Stang Volden	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tore Atle Humlevik	Randi Stang Volden	H

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordførar, sak 5/14
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, sak 4/14 – 6/14
Johnny Stiansen	Økonomidirektør, sak 4/14 – 6/14
Helge-Roald Johnsen	Partner Deloitte
Line Margrethe Johansen	Forvaltningsrevisor Deloitte, sak 7/14 – 13/14
Hogne Haktorson	Kontrollsjef sekretariat for kontrollutvalet
Roald Breistein	Seniorrådgjevar sekretariat for kontrollutvalet

Torill Vebenstad
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 3/14	Meldingar		
RS 1/14	Godkjenning av 20 prosjektrekneskapar i hovudsak innan skulesektoren	2014/65	
RS 2/14	Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar innan skulesektoren	2014/65	
RS 3/14	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr januar 2014	2014/356	
RS 4/14	Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr januar	2014/1527	
RS 5/14	Reklamefinansiert kollektivtransport - Skyss	2014/10503	
RS 6/14	Oversyn skatteinngangen 2013	2014/10507	
PS 4/14	Bygging av naust i Kvinnherad - Fylkesrådmannen orienterer om status	2014/10531	
PS 5/14	Fokus på etikk i Hordaland fylkeskommune - Fylkesrådmannen orienterer om status	2014/1683	
PS 6/14	Statens vegvesen og momskompensasjon - Fylkesrådmannen orienterer om status	2014/1684	
PS 7/14	Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Forslag til justert prosjektplan	2014/10533	
PS 8/14	Forvaltningsrevisjon innan internkontrollsystem og HMT - Forslag til prosjektplan	2014/10535	
PS 9/14	Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring - Forslag til prosjektplan	2014/10536	
PS 10/14	Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 - Forslag til prosjektplan	2014/10495	
PS 11/14	Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016 - Forslag til prosjektplan	2014/10496	
PS 12/14	Kurs i regi av Deloitte - Rutinar og tolking av avtalen	2014/10532	
PS 13/14	Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet - Status i arbeidet ved Deloitte	2014/10537	
PS 14/14	Rekneskapsresultat 2013 for kontrollutvalet	2014/10498	
PS 15/14	Gjennomgang av møteprotokollar	2014/10500	
PS 16/14	Eventuelt		

PS 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 2/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Vedtak

Møtebok frå forrige møte vart samrøystes vedteke.

PS 3/14 Meldingar

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møte

RS 5/14 Reklamefinansiert kollektivtransport - Skyss

Helge-Roald Johnsen frå Deloitte orienterte om status i denne saka og om andre førespurnader dei har motteke i høve å yte konsulentbistand til einingar i Hordaland fylkeskommune. Deloitte har takka nei til nye oppdrag og vil takke nei til ev. fleire slike førespurnader ut 2014.

Vedtak

Meldingane vart tekne til orientering.

PS 4/14 Bygging av naust i Kvinnherad - Fylkesrådmannen orienterer om status

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Fylkesrådmann Rune Haugsdal orienterte om sitt syn når det gjeld henvending frå Anders Teigen i høve bygging av naust i Kvinnherad kommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

E-post frå Anders Teigen dagsett 13.2.14 med meir informasjon vart vidare sendt kontrollutvalet, Deloitte og fylkesrådmannen før møtet.

Det vart opplyst at fylkesadministrasjonen har teke opp med den aktuelle rektoren at deler av denne prosessen ikkje er gjort i tråd med gjeldande regelverk. Det er også foreteke ei generell påminning om desse reglane i fylkeskommunen. Fylkesrådmannen vil også syta for at Anders Teigen får svar på si henvending.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 5/14 Fokus på etikk i Hordaland fylkeskommune - Fylkesrådmannen orienterer om status

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Fylkesrådmann Rune Haugsdal og fylkesordførar Tom-Christer Nilsen orienterte om Hordaland fylkeskommune sitt fokus når det gjeld etikk og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Eit notat om kva som er gjort på dette området vart referert av fylkesrådmannen og vert send på e-post til sekretariatet etter møtet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 6/14 Statens vegvesen og momskompensasjon - Fylkesrådmannen orienterer om status

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Fylkesrådmann Rune Haugsdal og økonomidirektør Johnny Stiansen orienterte om status i høve dialog med Statens vegvesen når det gjeld å unngå forelda krav om moms-kompensasjon og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 7/14 Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular - Forslag til justert prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller utviding av forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til justert prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.03.2014. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte den korrigerede prosjektplanen for forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Den justerte prosjektplanen vart vedteken slik den ligg føre.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller utviding av forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til justert prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.

3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 8/14 Forvaltningsrevisjon innan internkontrollsystem og HMT - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan internkontrollsystem og HMT, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.03.2014. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av august 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan internkontrollsystem og HMT og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosjektplanen vart vedteke slik den ligg føre.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan internkontrollsystem og HMT, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av august 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 9/14 Forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.03.2014. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av juni 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosjektplanen vart vedteke slik den ligg føre.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av juni 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 10/14 Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for forvaltningsrevisjon, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for selskapskontroll og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.03.2014. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den

- føreslåtte prosjektplanen.
4. Kontrollutvalet ønskjer at prosessmøte i samband med dette arbeidet skal gjennomførast i møte 24.03.2014.
 5. Kontrollutvalet sine medlemmar vert bedne om å tenkje i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte prosjektplanen for evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosjektplanen vart samrøystes vedteke.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for forvaltningsrevisjon, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for selskapskontroll og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den føreslåtte prosjektplanen.
3. Kontrollutvalet ønskjer at prosessmøte i samband med dette arbeidet skal gjennomførast i møte 24.03.2014.
4. Kontrollutvalet sine medlemmar vert bedne om å tenkje i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.

PS 11/14 Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for selskapskontroll, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for forvaltningsrevisjon og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.03.2014. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den føreslåtte prosjektplanen.
4. Kontrollutvalet ønskjer at prosessmøte i samband med dette arbeidet skal gjennomførast i møte 24.03.2014.
5. Kontrollutvalet sine medlemmar vert bedne om å tenkje i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte prosjektplanen for evaluering av plan for selskapskontroll 2012 – 2016 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosjektplanen vart samrøysetes vedteke.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for selskapskontroll, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for forvaltningsrevisjon og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den føreslåtte prosjektplanen.
3. Kontrollutvalet ønskjer at prosessmøte i samband med dette arbeidet skal gjennomførast i møte 24.03.2014.
4. Kontrollutvalet sine medlemmar vert bedne om å tenkje i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.

PS 12/14 Kurs i regi av Deloitte - Rutinar og tolking av avtalen

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner at kurs som Deloitte gjennomførte 16.1.2014 for tilsette og styrerepresentantar i selskap der HFK er eigar, vert rekna som ½ dag av «kurskvoten» for 2014.
2. Deloitte vert til neste møte i kontrollutvalet beden om å komme med forslag til aktuelle tema det kan haldast kurs innan.
3. Forslaga bør innehalde desse punkta: tittel på kurset, målsetjing, målgruppe, varighet og føredragshaldar

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Helge-Roald Johnsen gjorde greie for at dei har innskjerpa rutinane på dette området internt i Deloitte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner at kurs som Deloitte gjennomførte 16.1.2014 for tilsette og styrerepresentantar i selskap der HFK er eigar, vert rekna som ½ dag av «kurskvoten» for 2014.
2. Deloitte vert til neste møte i kontrollutvalet beden om å komme med forslag til

- aktuelle tema det kan haldast kurs innan.
3. Forslaga bør innehalde desse punkta: tittel på kurset, målsetjing, målgruppe, varighet og føredragshaldar

PS 13/14 Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Line Margrethe Johansen frå Deloitte orientert om status i høve forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan kulturområdet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det kom m.a. fram at prosjektet er i rute og at det tyder på at revisjonsrapport kan leverast innan den fristen som er sett.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 14/14 Rekneskapsresultat 2013 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet for 2013 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Kontrollsjef Hogne Haktorson la fram og presenterte rekneskapsresultatet for 2013 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet og svarte på spørsmål frå utvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rekneskapsresultatet for 2013 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teken til orientering.

PS 15/14 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møtet

Følgjande møtebøker vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkesutvalet 30.01.2014
- Kultur- og ressursutvalet 21.01. og 24.01.2014
- Samferdselsutvalet 22.01.2014

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

PS 16/14 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2014

Handsaming i møte

Kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om desse sakene:

- Status når det gjeld folkevaldopplæring i mai 2014
- Møte i kontrollutvalet i august som er planlagt halde utanom Bergen. Utvalet vart på bakgrunn av dette beden om å tenke igjennom til neste møte aktuelle mål i Hordaland å reise til

Vedtak

1. Utvalet vert til neste møte beden om å tenke igjennom aktuelle mål i Hordaland å reise til i samband med møtet i august 2014.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

Når møtet var ferdig fekk kontrollutvalet bistand frå IT-service til å klargjere iPad til å kunne laste ned sakspapir i GoodReader. Grunnen til dette er at Hordaland fylkeskommune har teke i bruk nytt sak/arkivsystem frå 2.1.2014.